

Leirreglement for 8. og 9. Frøst-leiren

1. Formålet med leiren er å styrke partiet og det arbeidende folket i forhold til en framtidig supermaktsinvasjon i Norge og ~~utviklingen~~ ^{videreutvikle} ei revolusjonær linje for sosialismen og dagsskampen.
2. Formålet skal oppfylles gjennom studier i marxismen-leninismen - Mao Tsetungs tenkning, politisk arbeid, idrett, kultur og kameratslig sanver.
3. Leiren er organisert etter den demokratiske sentralismen.
 - Lavere instanser er underordna høyere
 - mindretallet er underordna flertallet
 - individet er underordna kollektivet
 - og hele leiren er underordna leirledelsen. Ledelsen på alle plan er utnent på forhånd.
4. Masselinje skal gjennomsyre leiren på alle områder. Alle leirdeltakerne har et kollektivt ansvar i å drive leiren framover, skille mellom ei borgerlig og ei proletar linje i alle spørsmål. Erfarne kamerater har et spesielt ansvar overfor nye kamerater.
5. Ulike syn kamerater imellom løses ut fra prinsippet om enhet-kritikk-enhet og sjølkritikk. Bakvasking, slarv og fraksjonering må bannlyses.
6. Følg sikkerhetsanvisningene.
7. Alle kamerater har et kollektivt ansvar for leirens helse.
8. Bruk av alkohol er forbudt.
9. Ro i leiren: 23.00 - 07.00
10. ~~R~~Åvordlige brudd på leirreglementet fører til utvisning fra leiren.

DIREKTIV OM BRUK AV PRIVATBIL PÅ LEIR DS.

Deltakarane på sommarleir skal ikkje bruke privatbil. Søknad om dispensasjon skal avgjerast av leirleiinga.

Grunngjeving: Vi veit at etterretningsvesenet til dei to supermaktene og det norske borgarskapet er spesielt aktive for å registrere deltakarar på RF/RU-leirane. Den same aktiviteten kan vi vente frå diverse andre reaksjonære som fascistar/nazistar osv. Ved sida av den faren slik registrering betyr strategisk for den revolusjonære rørsla, veit vi at slikt kartleggingsmateriale i dag vert brukt til svartelisting, "siling", suspensjonar/eksklusjonar osv. Det er difor vår plikt å hindre klassefienden å få slike opplysningar. Når det gjeld bilskilt er det ei kurrant affære å samle inn data med slike som kilde. Det er den minste kunst for SIPO og andre etterretningsfolk å etterspore namn og adresse til ein bileigar, når dei først har bilnummeret. Å bruke bil til og frå sommarleir er difor omtrent det same som å bere ein svar plakat med personlege opplysningar i ein valoppmarsj for Raud Valallianse. Ein svært vanleg måte for å notere bilnummer, er å fotografere dei. Dette kan gjerast på god avstand utan at det er nuleg å oppdage det. Politiet har brukt trafikk-kontroll som påskudd til å stoppe bilar og notere namnet på bilføraren. Det held difor ikkje å feks. køyre bilen til leiren for å lesse ut ungar og bagasje, og deretter parkere i eit område fjernare unna. Ein utabygds bil som står parkert sommarleirveka feks. i Stryn er i og for seg ganske uvanleg og lett og oppdage. Han innbyr ogso til tjuveri og innbrot.

Nokre vil sikkert seie at dei alt er kjend, at bilen har vore brukt før osv. Det er for det første ikkje sikkert at ein er registrert før. Etterretningsfolk, enten det gjeld SIPO, CIA, KGB, fascistar eller andre er ikkje supermenneske og dei gjer mange feil. Det er heller ikkje sikkert at ein er registrert av alle som driv med denslags. Å stå på lista til CIA, men ikkje KGB kan i ein gitt situasjon gjere heile forskjellen. For det andre treng overvåkarane flest nuleg "referansar". Dei kan ha registrert ein person i ein samanheng, men ynskjer å vite meir om vedkommande. Det hender at aktive folk går i passivitet. Jo fleire folk som tilsynelatande går i passivitet, (ikkje lenger lar seg registrere so lett), desto beire. For det tredje må alle kameratane gå foran med eit godt eksempel slik at linja vert sett ut i livet. Når offentleg kjende folk frå partileiinga følgjer linja for sikkerheita med dekknamn osv. - har då andre kameratar nokon grunn til ikkje å gjere det?

Nokon vil kanskje seie at uorganiserte ikkje vil skjøne det. Eit slikt argument er eit uttrykk for suveren forakt for andre folk si evne til å tenke. Sjølsagt er uorganiserte fullt ut i stand til å gripe denne linja når ho vert skikkeleg forklart. Det er difor kameratane si plikt å mobilisere uorganiserte på dette sikringstiltaket

PS: For dei det passar for, er sykkel eit sunt og effektivt framkomstmiddel.

ORGANISERING AV TRANSPORTEN:

Buss fra Førde søndag den 17.7. kl 1100 frå Firda Billag, via Byrkjelo kl 1200 til hjelle kl 1400. Retur søndag den 24. 7. kl 1400. Begge turane skal betalast kontant av passasjerane ved avstigning.

LEIRLEIINGA.